

# Omsetjinga av erkebiskop Jons kristenrett i 1560

Sigrun Høgetveit Berg

<https://doi.org/10.7557/ottar.8599>

I 1560/61 var den lutherske biskopen i Trondheim, Hans Gaas, på Trondenes. Der fekk han omsett den katolske erkebiskopen Jon Raude sin kristenrett til dansk. Kva ville han med den? Og kvifor fekk han gjort det på Trondenes?

## Ny kyrkjeordinans – med manglar


Då reformasjonen vart innført i Danmark-Noreg i 1536/37 trong det protestantiske kongeriket nye kyrkjelover som var i tråd med den luthersk-evangeliske læra. 2. september 1537 sende kongen ut ein såkalla kyrkjeordinans – på latin, som deretter kom i dansk språkdrakt frå 1539. Det var denne versjonen norske herredagar vedtok sommaren 1539, og såleis kan me seia at formelt vart ikkje reformasjonen innført i Noreg før i 1539. I 1542 vart denne kyrkjeordinansen trykt og utgjeven som *Den rette Ordinans*, saman med ein

del rettingar og tillegg, dei såkalla 27 Ribe-artiklane, og med dét var det grunnleggjande reformasjonslovverket på plass.

Allereie i den latinske 1537-versjonen er Kristian III (r. 1536–1559) klar over at kyrkjeordinansen ikkje er heilt godt tilpassa norske tilhøve. Det er ei tilføyning – ein “noregsparagraf” – under del VII “Forskjellige bestemmelser”, der kongen, med Guds hjelp, lova å koma nordover for å gje Noreg ein eigen ordinans. Han kom aldri – noko som skulle vise seg å bli eit stort problem, kanskje særleg i dei nordlegaste delane av Danmark-Noreg. Hovudutfordringa med den danske ordinansen var at han ikkje høvde for det norske kyrkjelandskapet, særleg ikkje det langs den nordlege kysten. Danmark var eit tettbygd jordbrukssamfunn, Nord-Noreg var spreittbefolka fiskerisamfunn – og dei strukturelle tilhøva for presteinntektene såleis annleis. Superintendent (nemninga for den nye lutherske biskopen) Hans Gaas (r. 1549–1578), som kom nordover til Trondheim frå København i 1549, skjønnte raskt problema den danske kyrkjeordinansen førte med seg, til dømes når det galdt korleis presteskap og klokkarar skulle utnemnst og lønast, korleis utgifter til visitasreiser skulle dekkast og korleis tienda utreknast og fordelast. Gaas etterlyste difor fleire gonger på 1550-talet ein eigen norsk kyrkjeordinans, utan å få gjennomslag hjå kongen.

## Hans Gaas på visitas til Trondenes

Sommaren 1560 reiser Hans Gaas nordover til Trondenes på visitas. Han har planar om å koma seg heilt til Finnmark. Bak seg i Trondheim har han ein skarp og personleg konflikt med lensherren Evert Bild (r. 1553–1564), som hadde utvikla seg over fleire år. Han blir på Trondenes vinteren over. På Trondenes kom Gaas på eitt vis «heim», sidan kyrkja og prestegjeldet var superintendenten sitt eige kannikgjeld. Der var han formelt sokneprest med alle inntekter, samstundes som han også hadde ansvaret for utgiftene, mellom anna ved å løne kapellanar som heldt til på Trondenes og som gjorde det daglege prestearbeidet i det store prestegjeldet. Heilt fram til 1731 omfatta



Figur 1. Tittelsida på Jons kristenrett-omsetjinga som Hans Gaas fekk ferdigstilt på Trondenes i 1560. Avskrift frå oml. 1600. Manuskriptet ligg i dag i Gunnerus-spesialsamlingane ved NTNU Universitetsbiblioteket, XA Qv. 138.

Trondenes kannikgjeld heile Sør-Troms – med 13 kyrkjer og kapell som var underlagde den store hovudkyrkja på Trondenes.

Trondenes-kyrkja vart etter alt å døme på 1400-talet ei kollegiatkyrkje, det vil seia at prestane budde saman på Trondenes og hadde ansvar både for å drive den omfattande liturgien i den store kyrkja, samstundes som dei bytta på å reise rundt til dei andre kyrkjene i prestegjeldet for å utføre messehandlingar der (sjå Rognald H. Bergesens artikkel i dette heftet). Denne katolske kollegiat-organiseringa overlevde i første omgang reformasjonen, men ei av oppgåvene til Gaas då han kom på visitas, var å gjennomføre oppløysinga av kollegiatet, slik det hadde vorte bestemt at skulle gjerast i 1556. Prestane skulle no heller gifte seg, flytte ut og slå seg fast ned på prestegardar tilknytta dei ulike kyrkjene rundt om i det store kannikgjeldet; på Hinnøya og i Vågsfjordbassenget, på ytter- og innsida av Senja og inne i Astafjorden.

På Trondenes får også Hans Gaas endeleg gjort noko med problemet med den manglande norske kyrkjeordinansen. Han får rett og slett omsett den gamalnorske *Jons kristenrett* frå 1270-talet til dansk, truleg ferdigstilt våren 1561. Det var eit radikalt grep – eit katolsk lovverk i det ny-reformerte Trondheim stift – men han ser ikkje ut til å vera den første som kom på tanken. I fortala til omsetjinga seier Gaas seg langt på veg einig med «alle dei» som meiner at så lenge kongen ikkje kjem med ein norsk ordinans, må denne kristenretten nyttast i mellomtida. Behovet var stort, meinte han, ikkje berre av åndelege grunnar – for rett nok var det også «meget ugudeligt og imod Skrifften uchristeligt iblant» som stod i den katolske kristenretten. Men han trekte fram dei enorme avstandane og til tider farlege sjøreisene i stiftet sitt; han hadde mellom anna mista ein «from Mand» som han hadde til kapellan på Trondenes på det viset. I tillegg gjev han i fortala eit spark til kongens andre embetsmenn; han meiner det må koma ein ny ordinans slik at «onde og ugudelige Fougder skulle icke saa haardelige handle med fattige Undersatte».

I dette får me eit glimt av den til tider skarpe motsetjinga som var mellom den geistlege og den verdslege delen av stiftsstyret, ikkje berre på toppnivået mellom Gaas og lensherren Bild, men også rundt om i distriktet, mellom prestar og futar. Noko av problemet var at etter reformasjonen var arbeidsdelinga mellom desse to delane av kongens embetsverk ikkje alltid like eintydig. Kyrkjeordinansen slår fast at kongens representantar skal dele på styret av stiftet – kvar med sitt kompetansefelt. Superintendenten skulle ha oppsynet med skulane, utvikle fattigomsorga og lære opp og ordinere prestane, medan lensherren



Figur 2. Illustrasjon frå lovhandskriftet Ms.4° 317, frå oml. 1325, som inneheld m.a. Jons kristenrett. Nasjonalbiblioteket

skulle administrere dei økonomiske interessene og iverksetja kongens styre. Men ikkje så sjeldan var det langt frå eintydig kvar grensene mellom desse områda gjekk, dessutan skulle i tvilstilfelle lensherren ha siste ordet. Dette var ein ny situasjon for dei geistlege. Dei katolske biskopane var vane med å åleine ha læremyndigheit, domsmyndigheit og ordinasjonsmyndigheit, og i den norske kyrkja hadde dei vore svært sjølvstendige i høve kongemakta i katolsk tid – medan no var dei vortne embetsmenn hjå kongen. Dessutan var suksessen til denne arbeidsdelinga avhengig av god kjemi, noko det absolutt ikkje var mellom Hans Gaas, Evert Bild og hushalda deira. Fleire har tolka Gaas sitt lengeverande opphald nordpå 1560–61 som eit slags sjølvvald eksil, ei pustepause i konflikten mellom han og Bild. Det gjekk så langt at domkapitlet hans lurde på om han hadde slått seg til ro for godt i Nordlandene, og dei sende brev med ei innstendig bøn om at han kom heim att og ikkje måtte «fortøve lenger der nord».



Figur 3. I det katolske prestekollegiatet hadde alle prestene kvar sin plass i koret. Kollegiatet vart endeleg oppløyst då Hans Gaas overvintra på Trondenes i 1560–61. Foto: Kjartan Hauglid

## Kvifor Trondenes?

Gaas hadde altså måtte ty til den katolske kristenretten for å få orden på dei kyrkjelege tilhøva i det store stiftet sitt. Men i og med at han ikkje forstod kva som stod skrive i det gamalnorske lovverket, fekk han «med erlige og vellærde mands Hielp Lector Anders paa Trondenæs» omsett teksten. Men det først etter at han hadde spurt «atskillige lærde Mænd indfødde her udi Norges Rige» om å omsetja til dansk eller «paa det Maal som nu forstandeligt er og her i Riget meenlig bruges». Men ingen hadde villa. Eller kunna? Kven var desse «lærde Mænd» som sa nei til oppgåva? Det næraste å tenkje på er jo hans eige domkapittel i Trondheim – presteskapet (kannikane) og dei verdslege administratorane han hadde rundt seg ved domkyrkja. Kunne verkeleg ingen der gamalnorsk? Fleire vitnemål frå midten av 1500-talet gjev til kjenne at gamalnorskunnskapane etterkvart var svært dårlege; «faa ere och dee som dem [norske bøker] lese kunne æn ferre ere de som forstaa dem», påstod sagaomsetjaren Laurents Hanssøn i innleiinga si til omsetjinga av kongesogene i 1551 (som for øvrig ikkje vart utgjevne før i 1899). Men om det var nokon som kunne, skulle ein tru det var i domkapitla. Dei var jo framleis i hovudsak bemanna med nordmenn – med ansvar for opplæring og med store boksamlingar. Men kvifor skulle dei i så fall ikkje ville?

Me har ikkje kjelder som seier noko nærare om dette, og det er med andre ord uvisst kva for og kven sin motvilje Gaas siktar til, så kanskje var det heller ukunna det fall på. Eller *profilen* i kompetansen til dei etterreformatoriske kannikane – kanskje var det ikkje nett eit slikt omsetjingsarbeid dei ønskte eller kunne gje seg i kast med. Dessutan kan det vera ei meir praktisk årsak til at Gaas endeleg fekk fart på omsetjingsarbeidet – dét at han overvintra på Trondenes 1560–61 og såleis hadde slikt å gjera denne vinteren.

## Kven er «lector Anders»?

Det føresette likevel at det på Trondenes var ein lærd mann som *kunne*. «Lektor Anders» kan ikkje ha vore domkapittelets eigen lektor (det var på denne tida ein Sigurd Simonsson), og han oppheldt seg tydelegvis på Trondenes. Kven han var og kva tittelen hans tyder i 1561, er usikkert. Anton Chr. Bang hevda i *Den norske Kirkes Historie i Reformations-Aarhundredet* (1895) at Anders «maa vistnok have været en mand, der under katolicismen havde virket som lærer enten ved domkapitlets skole eller i et af tiggermunkenes klostre i Trondhjem», utan at han underbyggjer dette nærare eller refererer til noko kjelde. Oluf Kolsrud meiner i den posthumt utgjevne *Noregs kyrkjesoga II* (2007) at Anders kan «ha vore ein tidlegare dominikanarmunk i Trondheim», og Asbjørn Øverås antydgar i



Figur 4. I domkyrkja i Nidaros fanst det eit epitafium, ei minnetvåle, over Hans Gaas, men denne brann opp i 1708. I dag er det synlegaste minnet om han denne støtta av Johannes Wiedewelt frå 1783, der han må dele plassen med Ove Bilde og Peder Svave, i Jægerspris slottspark i Danmark. Foto: Jan Bruun Andersen/Jægerspris Slot, Kong Frederik den Syvendes Stiftelse

*Trondheim katedralskoles historie* (1952) at Anders kan vera den katolske katedralskulerektoren «mester Anders», som opptrer i fleire diplom på 1520- og 1530-talet. Uansett kven han var – både tittelen og omsetjargjeringa dreg tankane til det me elles veit om kollegiat-kyrkja og boksamlinga der (som Rognald H. Bergesen skriv om i dette heftet). Og sjølv om Anders ikkje var domkapittelet i Trondheim sin lektor, så kan Gaas si omtale av han rett og slett tyde *lærer* – i den forstand at Gaas oppfatta han som det, som *læraren* i det kollegiet Gaas skulle avskaffe, og som *lærer* i form av ansvarleg for eller særskunnig i den boksamlinga som var i kyrkja, og som truleg vart brukt i opplæring av både prestar og lekfolk. Jons kristenrett kvitte han seg tydelegvis ikkje for å gå i gang med.

## Jons kristenrett

Så kva var dette slags lovsamling? Kristenrettane var mangfaldige og fanst i mange versjonar. Dei inneheldt normer og reglar for korleis folk skulle

Prestegarden eller «stiftsgården» på Trondenes, også omtalt i historiske kjelder som Trondenes bispegard (jf Spaans sin artikkel i dette heftet), var med hundre års mellomrom også bispesete ein vinter eller to. Både i 1560–61 og 1658–59 heldt superintendenten (altså biskopen) i Trondheim – som også var sokneprest til Trondenes – til her, meir og mindre i «indre eksil». Hans Gaas styrte unna Trondheim og sin langvarige konflikt med lensherren Evert Bild, og Erik Bredal måtte rømme stiftsbyen då svenskane invaderte og tok kontroll med Trondheim, etter freden i Roskilde i 1658. Då var det høveleg for kongens øvste geistlege embetsmann i stiftet å kunne søkje tilflukt i sitt eige prestegjeld, Trondenes. ■

leva liva sine frå vogge til grav – om dåp, konfirmasjon, ekteskap og samliv, om faste og om kva som var lov å eta, om åger og blot, om bannlysing, kyrkjefred og heilagdagsfred, og ikkje minst om økonomiske sider ved korleis kyrkjebygg skulle reisast, driftast og vigslast. Dei hadde utvikla seg gjennom hundreåra, etter som kyrkje og kristendom fekk sterkare og sterkare feste i landet.

Men kvifor var det akkurat erkebiskop Jon sin kristenrett Gaas valde å få omsett? Denne kristenretten kom til på starten av 1270-talet – truleg ferdigstilt i 1273 – i samband med lovarbeidet til kong Magnus Lagabøte. Både kong Magnus og erkebiskop Jon Raude laga utkast til nye kristenrettar, og kongen ønskte å inkludere kristenrettane i den nye Landslova – slik dei var det i dei tidlegare regionale landskapslovene. Men han og erkebiskopen vart ikkje samde om delar av innhaldet, difor vart den ferdige Landslova i 1274 ståande utan ein eigen, fullstendig kristenrettsbolck. Erkebiskop Jon Raude hevda sterkt kyrkjas sjølvstendige program, og éi av årsakene til usemja var spørsmålet om kven som skulle dømme og med det få bøteinntekter frå saker som kyrkja meinte hørde henne til – slik som saker om ekteskap og familieliv, prestar som braut lova og om korleis kyrkjebygg og tiende skulle forvaltast. Det er også i Jons kristenrett at *testament* – altså høvet til å setja opp eit dokument som disponerer delar av arven til kven ein vil – første gong opptre i norske lover. Moglegvis var også noko av problemet, eller i alle fall noko av utgangspunkt for usemja før 1270, at Jon sin versjon først og fremst var meint for bruk i Nidaros og Frostatingslagen. Der hadde kyrkja allereie ein sterk posisjon, og han kunne fremja det som vart sett på som radikale kyrkjeleg krav og posisjonar, medan Magnus hadde ambisjon om



Figur 5. Trondenes kyrkje og prestegard – med litt mindre vegetasjon enn i dag. Foto: Universitetsbiblioteket i Bergen

ein landsdekkjande kristenrett som alle verdslege interesser kunne godta.

Uansett – kristenrettane vart altså verande i bruk side om side med Landslova seinmellomalderen igjennom, somme stader erkebiskop Jon sin, andre stader eldre versjonar, kanskje først og fremst den som far til Magnus, kong Håkon Håkonsson, hadde utarbeidd på 1260-talet. Magnus Lagabøtes versjon ser ikkje ut til ha vorte mykje brukt i det heile.

Det mest nærliggjande svaret på spørsmålet om kvifor Gaas valde erkebiskopen sin versjon, og ikkje kong Håkons eller andre versjonar, må vera at det var Jons kristenrett som hadde vore i allmenn bruk i Nidaros før reformasjonen, og det var den Gaas hadde fått tak i. I erkebisp Aslak Bolts statutt frå 1436 er det synt til Jons kristenrett, men også Geble Persson, superintendenten i Bergen (r. 1537–1557), bestilte omsetjingar av denne kristenrettsversjonen på 1550-talet. Med andre ord: Om Jons kristenrett – i si tid – var meint først og fremst for Frostatingslagen, hadde den, anten heile tida, eller etter som hundreåra gjekk, også vore i bruk i andre lovområde. Og i alle høve – til og med lutherske embetsmenn i den kongestyrede kyrkja etter reformasjonen tykte den var betre å bruke for å handtere dei praktiske og økonomiske kyrkjelege tilhøva i Noreg, enn den danske kyrkjeordinansen.

### Ei bokbru mellom 1400- og 1800-talet?

Hans Gaas kom frå København som ein av Kristian IIIs mange nyskulerte lutherske superintendantar. I mangt ser han ut til å ha hatt stor vilje og evne til å gjera ein reformasjonsinnsats *der han var*. Han synte etterkvart god kunnskap om tilhøva nordover, og at han hadde eit oppriktig engasjement for å få til praktiske løysingar, slik at den nye kyrkjeordninga kunne fungere. I omsetjinga av kristenretten, til dømes, var ikkje dansk mål det viktigaste – det var ikkje andre danske embetsmenn som var hovudmålgruppa for teksten, men omsetjinga måtte vera til eit «Maal som nu forstandeligt er og her i Riget meenlig bruges».

Den omsette kristenretten vart verande i bruk til det endeleg kom på plass ein eigen norsk kyrkjeordinans i 1607. Det første framlegget, som dei norske superintendentane på oppdrag frå kongen hadde ført i pennen i 1604, vart likevel for radikalt for Kristian IV (r. 1588–1648), og han sende det attende. Den reviderte versjonen som vart vedteken i 1607 var til slutt mykje godt lik den danske, og den norske kyrkjeordinansen må sjåast som nok eit uttrykk for Kristian IV sitt ønske om å religiøst straumlineforme og sentralisere avgjerdene i det store dobbeltmonarkiet. Reformasjons-hundreåret sin «utforskande» lutherske kurs vart

no for alvor sementert då Kristian IV hadde kome til makta og førde riket sitt inn i det me kallar for ortodoksiens periode. *Viljen* til å få på plass ein norsk kyrkjeordinans kan likevel tolkast som eit uttrykk for Kristian IV si genuine interesse også for Noreg, og initiativet må sjåast i samheng med at han også fekk på plass si norske, verdslege lov i 1604; *Den Norske Lov-Bog*. Denne lovboka finst det ei førsteutgåve av i Seminarsamlinga (sjå Andreas Klein sin artikkel i dette heftet). Me veit ikkje heile eigarhistoria til eksemplaret, men kven veit – kanskje var ho der allereie frå starten, og er sjølv lenka mellom restane av det førreformatoriske lærdomssetet og Trondenes seminarium?

### Litteratur:

- Berg, S. H. 2014. Trondenes kannikgjeld – makt og rikdom gjennom seinmellomalder og reformasjon. UiT.
- Kolsrud, O. 1917. *Den Norske Kirkes Mindeskrift 1917. Utkast til en norsk kirkeordinans*. Kristiania 1917.
- Lysaker, T. 1987. *Nidaros erkebispestol og bispesete 1153–1953. 1: Reformasjon og enevælde 1537–1804*. Trondheim.
- Magnus Lagabøtes kristenrett og Sættargjerdene i Tønsberg*, utg. Nasjonalbiblioteket 2026.
- Spørck, B. D. 2009. *Nyere norske kristenretter*. Thorleif Dahls kulturbibliotek/Aschehoug.



### Forfatter:

Sigrun Høgetveit Berg er professor i eldre historie ved UiT og medlem i forskingsgruppa CNN. Ho arbeider særleg med kyrkjehistorie og nordnorsk eldre historie og har publisert ei rekke arbeid om Trondenes kyrkje og samfunnet rundt, inkludert ph.d.-avhandlinga om Trondenes kannikgjeld.

E-post: [sigrun.hogetveit.berg@uit.no](mailto:sigrun.hogetveit.berg@uit.no)  
<https://orcid.org/0000-0003-4299-7972>